



Mykje godt på frukostbordet.

**Laurdag mellom kl.10 og kl.12 vert det invitert til gratis Festidalen-frukost på Systrene Nilsen. Det er tredje året dette vert gjort, og frukosten er vorten svært populær. Den har også fått mykje ros for den høge standarden. Ein så storslått og gratis frukost er mogeleg gjennom det gode samarbeidet som er mellom Festidalen og Spar Uskedalen.**

-Dette er reultatet av eit veldig godt samarbeid vi har med Festidalen, seier Bente Nilsen, dagleg leiar ved Spar Uskedalen og held fram: - Vi stiller med folk og ordnar alt det praktiske, og vi syns det er veldig kjekt å bidra til eit så flott og godt drive arrangement. Vi er veldig godt fornøgde med samarbeidet med Festidalen, og dei har meld tilbake at det er gjensidig.

Første året, i 2013, kom 150 gjester til frukost, og i fjor passerte besøkstalet 200. Gjestene har vore svært så fornøgde med det dei har fått servert.

- Dette var overraskande bra! Er jo høg hotelstandard, kommenterte m.a. ungdommen Morten Eidsvik første året.

Det er flott at Festidalen og Spar Uskedalen kan gje så mange ein så god start på Festidalen-laurdagen. Når frukosten er fortært går det slag i slag med FestidaGen-show, Festitaren, Lambasleppet før det er klart for ein stor konsertkveld på Dønhaugjordet frå DeLillos startar opp kl.16.30.



Frå frukosten i fjor.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Arkivfoto: Festidalen og Ola Matti Mathisen.